

3. søndag i fastetiden (Kristi forklarelesdag Mark 9,2-13) (Maria budskapsdag Luk 1, 46-55)

Festivalhøymesse Oslo domkirke 4.mars Markus 9,17-29

Fastetidas rop: La meg bli frisk! La barnet mitt få leve! Kyrie eleison.

Eg trur, hjelp meg i mi vantru.

Ein fortvila far som står med son sin som vrir seg i smerter.

Kyrkjemusikkfestivalen tema er slaveri.

Slaveri: mennesket blir ein eigedom som kan kjøpast, selgjast og nådelaust utnyttast.

Tilstanden til den guten er som eit angrep frå ein slavedrivar: Han er grepen fatt i, kasta over ende.

Ein plaga gut.

På opningskonserten fredag tok Jordi Savall oss gjennom slaveriets historie

I går hørde vi frå ei anna viktig forteljing som er basis for heile den jødiske og kristne grunnforteljingan: Slaveriet i Egypt. Vi hørde Händels Israel i Egypt.

Vi hørde delar no nettopp lest opp: frå då Josef som er solgt som slave av brødrene, møter dei igjen.

Også i Det nye testamentet er slaveri eit tema, les til dømes brevet til Filemon, og vit at det ordet som vi ofte gjengir som tenar, også kan bety slave, eller slavinne. ”Kristus tok på seg ein slaves skikkelse,”..

Om vi orkar å ta det inn: Slaveri finst der, i bibeltekstane og kanskje **viktigare**, i verda den verkelege, den som omgir oss, stadig, trafficking: menneskehandel i ulike former.

Menneske som er utsette for menneskehandel fins

fins i gatene våre her i Oslo,

nokre sit inne på hemmelege adresser og skjelv no, i frykt for å bli henta ut.

Om vi orkar å ta det inn.- For kyrkja har gjennom tidene altfor lenge i beste fall stått på sidelinja i motstanden mot slaveriet, og i verste fall vore ein del av systemet og bekrefta det.

Eg har ikkje vanskar med å kjenne meg igjen i disippelen Peter som i versa før dei vi nettopp har høyrte frå Markusevangeliet, er saman med Jesus på forklarelsens berg:

Peter, Jakob og Johannes er med Jesus oppe på fjellet og dei får sjå hans herlegheit, og ikkje uventa: Peter foreslo at dei skulle bygge ei hytte der. Rabbi, la oss bygge tre hytter, ein til deg, ein til Moses og ein til Elia.

No når vi har det så fint!

Vi har det så godt, her i denne meinigheita.

Vi blir her! Så slepp vi å ta inn – gjere noko med – det som skjer på bakken!

Men Jesus drog dei ned. Ned frå fjellet til noko ganske ubehageleg. Støy.

Der var dei stor folkmengde – ja, resten av menigheita var der, faktisk, Dei andre disiplane: Dei prøvde så godt dei kunne, men fekk det ikkje til.... «Eg bad disiplin om å drive ånden ut, men de maktet det ikkje....» sa faren til sønnen.

Ein far med ein sønn som er sjuk og plaga.

Som med mange av sjukdoms – og helbredelsestekstane i Bibelen, det må seiast at det har skjedd ting legevitenskapen frå år 70 etter Kristus til no 2018.

Med den levande beskrivelsen vi får her av guten, er det rimeleg å tenke at han leid av epilepsi,

Den gongen trudde dei det var ein demon som forårsaka plaga.

For nokre – og i dag, 2018, kan tilstandar og erfaringar av vald, mishandling, Ja, Herjing både med kroppar og samfunn treffande beskrivast som både djevlesk og demonisk.

OG ROPA er: HELBRED OSS! Vi plages!

Men ein del av oss har høyrte:

Du trur ikkje nok! **Sjukdommen og lidinga blir forsterka av at nokon har forkynt at om**

--du berre trur nok, så blir du kvitt plaga, sjukdomen din.

Så går ein rundt og blir mismodig. For di ein ikkje har sterk nok tru:

Hugs: Jesus sjøl var ein plaga mann. Sårmerkt kjem han oss i møte.

Sjukdom og plagar er ikkje straff for syndige liv, og det handlar ikkje om ein trur nok eller ikkje.

Legg merke til at forteljinga er det faktisk ikkje **den sjuke si tru** det er snakk om. Det er ropet frå gutens far som skjærer gjennom: Eg trur, hjelp meg i mi vantru -

Eg TRUR , men treng hjelp med mi vantru –

Er der ikkje der mange av oss er?

Nokre seier at nordmenn trur mindre i dag, enn før. Eg trur vi leiter etter meining. Mange vil nøle med å fortelje om ei sikker tru,

”Trur du”? Det kjem veldig an på kven som spør, gjer det ikkje? Er det ei eksamen er blir stilt overfor? Bli det krevd at eg må kunne det og det, og halde alt for sant?

”Trur du”? Eg håpar at han, eller ho, som spør er nyskjerrig. Ein som vi vil høyre. Bli med å opne opp for eit rom vi kan utforske saman.

Eg veit ikkje om eg trur, men eg ber! Eg syng salmar!

Eg trur – hjelp meg i min vantru: Midt i dette skjæringspunktet mellom tru og vantru skjer det ein helbredelse : ”Da skrek den høyt, slet voldsomt i gutten og for ut! Gutten lå livsløs og alle sa han var død. Men Jesus tok han i hånden og hjalp han opp og han reiste seg. ”

I dag er vi – som sit her - med på noko som kan hele, helbrede. FORDI VI

i dag er det Stravinskis messemusikk som møter teksten om helbredelse av ein epileptisk gut,

Kva med at musikk også vere lækjande, helbredande?

Vi er ei kyrkje som ofte framstår som om det talte ord (gjerne som einetale) er det viktigaste, Benedicte Maurseth fortel om i den fine boka si om sin lærar, spelemannen Knut Hamre at han ein kveld sat og øvde på hardingfela si då telefonen ringde.... ”Knut tek opp røyret, og seier ”Hallo?” Det er stilt i den andre enden, og Knut gjentek: ”Hallo, det er Knut, er det nokon der? -

Eg treng å høyra ein slått, vert det sagt, etter ein lengre pauseti den andre enden av røyret.

- Eg kjenner meg ikkje så bra. Hadde du orka å spela noko til meg? Kanskje no, berre litt, i telefonen?

Knut veit ikkje kven som ringjer, men han finn fram fela og spelar ein trøystande slått og to til å lyfta seg på for han som ringer. ... - Stor takk, kjem det frå den som ringer og dei legg på.

Musikkens helbredande kraft. Den finst der og eg håper mange også vil oppleve det på kroppen i den uka som føre oss.

Tru kan ha mange former – lydleg, sukker,

det som skjer når ein møter eit ansikt – Bakerst i kyrkja her er ei utstilling av menneskeansikt, nokre av dei har levd eller lever framleis i slaveri: nådeløst utnyttast. Behandla som ein ting. Sett ned på , spytt på:

Et eksempel er den kastelause kvinna i India, som feier gata, arbeidet for dem som står lavest. Teologen Halvor Moxnes har funne tekstar som gjer noko med meg: Desse ansikta – dei ser på meg og eg anar noko av Jesus – Det skjer: Kvinna som feier gata er kobla med profet-ordet «Rydd Herrens vei!» Kven er det som rydder Herrens vei i dag? Er det dei mektige, eller er det utstøytte som rydder veg for gudsriket.

..... Men Jesus tok han i hånden og hjalp han opp og han reiste seg.

Nokre har teke meg i handa, spelt for meg, tatt

-- Musikk kan helbrede, men også gi sterke inntrykk av det vakre - TA OSS PÅ FJELLET – gi oss dette rommet som gjer av at vi ORKAR å gå ned i gjen.

Halde ut. Kjempe. Stå opp for urett. Helbrede!

I tillit til at Gud bærer, verkar OG SKJER NO

MELLOM OSS . Amen